



VANYLVEN  
Kommune

# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022–2040

Høyringsutkast  
Januar 2022





# Innhold

**5** Forord

**9** Kapittel 1  
Kunnskapsgrunnlaget  
og prosessen

**17** Kapittel 2  
Dei gjennomgåande  
tema i tenesteytinga

**25** Kapittel 3  
Kva er handlings- og  
moglegheitsrommet?  
Kva for val har vi?





## Forord

Kommuneplanen er det viktigaste overordna styringsdokument kommunen har, og det er den som syner kva retning vi ynskjer oss for utviklinga av Vanylven fram til 2040.

Kommuneplanen består av ein samfunnssdel med langsigkt arealstrategi, og det er dette dokumentet du no har føre deg. I tillegg til samfunnssdelen har vi arealdelen, som syner kvar vi skal bygge bustader, vegar, næringsområder og leikeareal. Kommuneplanen er juridisk bindande. I underliggende planar skal kommuneplanen sin samfunnssdel følgast opp. Det er der konkretisering av prioriteringar og tiltak vert gjort. Sentrale planar er **budsjett og økonomiplan** med samfunnssdelens handlingsdel, **verksemdeplanar, temaplanar og strategiar**. Du les meir om dette i sidene som følgjer.

Samfunnssdelen for 2022-2040, er eit viktig dokument for å sikre visjonær og realistisk retning for kommunen vår. Arbeidet med planen involverer alle lokalpolitikarar, administrasjon, næringslivet, frivilligheita og innbyggjarane i kommunen. Gjennom møte med innbyggjarar, ved innspel på nett og med aktiv deltaking frå frivillige får vi til slutt ein samfunnssplan som vi kan bygge framtida vår på. Takk til alle som bidreg! Det er saman vi får dei beste resultata!

Vi ynskjer at kommuneplanen skal vere ein reiskap for å skape og utvikle eit levande lokalsamfunn i Vanylven, og at kommunen som samfunnsutviklar skal legge til rette for utvikling og auka vekst i folketaket. Det er vakre omgjevnader, naturrikdomar, gode mellommenneskelege relasjonar, utvikling og vekst som gir oss grunn til å smile, og skal vi få det slik i framtida, så må alle bidra. Kommunen vår skal vere ein god stad å bu, vekse opp og arbeide i. Det er naudsynt for at menneske skal trivast og ha ynskje

om å vere her, saman med oss. Vi skal legge til rette for næringsutvikling i kommunen og i regionen, slik at ungdomane våre kan gjere utdanningsval som gjer det mogleg å kome tilbake til Vanylven for å skape si framtid her. Berekraftig utvikling gjer at vi forvaltar våre ressursar og areal til beste også for komande generasjonar.

Bruk verdiorda våre i kvardagen:

- Samhald
- Entusiasme
- Kvalitet
- Trivsel
- Openheit
- Respekt

Om dei får vere styrande, så bygger vi tillit og vi får til betre tenester saman. Den einskilte innbyggjar ER Vanylven kommune. Gode løysingar avheng av godt samspel og brei involvering. Demokrati og medborgarskap sørger for at vi saman byggjer ei god kommune, som leverer på kvalitet. Det er viktig å trivast og å ha det kjekt saman. Vi skapar meir gjennom å bygge på openheit og godt samhald. Då når vi mål, som gjer oss stolte, og vi blir enda meir entusiastisk innstilte på å bidra vidare med å bygge framtida.

Kva kan så den einskilte bidra med i kvardagen? Jau, vi kan alle vere patriotar og lokalsmarte. Bruk lokale krefter og tilbod i kommunen. Då skapar vi lokal vekst. Vi gjer mye bra i Vanylven – fortel andre om det, ofte. Framsnakking løfter, nedsnakking svekker. Tankesettet er grunnleggande for vekst, for folkehelse og god livsmeistring for kvar og ein av oss.

Lena Landsverk Sande  
Ordførar

I utkanten av eit fylke i utkanten av Noreg  
Det finst folk som seier det er avsides  
Men tru no ikkje alt du høyrer  
Kor ellers skulle verdas navle vore,  
om ikkje nett her vi lever liva våre?

Spør ho som går i fjellet  
om ho heller ville vore på eit anna fjell?  
Eller han som sit bak i bussen  
Attmed ho, så nære han greier  
Om ikkje skulebussen også er ei gáve?

Vanylven er verdas navle  
for kvar einaste ein som bur her  
Verdas midtpunkt for alle fedre  
som ser dottera springe mot mål under fotbalturneringa  
Verdas himmel for alle mødre  
som ser sonen sin glitre før julegrantenninga

Og det er vår jobb:  
Å leggje til rette for liva som levast her no  
Ta hand om det vi har  
Løfte fram dei unge  
Dei med løyndomar og minne  
frå stiane og nausta og fjøsa og fjærsteinane  
Lytte til dei eldste  
Dei med visdom og sterke hender  
Alle høvdingane!

For vi gløymer ikkje det:  
At vedtak, planar, tenester og tilbod  
handlar om dei –  
Dei som finn framtidstraumar blant dei grøne juvelane  
Dei som finn glede på det åpne havet  
Dei som ikkje tenkjer  
at verda er så mykje rikare ein annan plass  
men finn rikdom i det vi har

For verkeleg kraft  
Kraft til å vekse å falde seg ut  
Kraft til å forme og utvikle seg  
Ho finst der noko slår rot  
Så i utkanten av eit fylke i utkanten av Noreg  
Nett her vi lever liva våre  
Her  
finst alt  
som er heim.





# 1 Kunnskapsgrunnlaget og prosessen

Plan og bygningsloven § 11 -1 krev at kommunen skal laga kommuneplan med samfunnsdelen. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunenesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den skal synleggjera dagens ståstad, visa kva for valmogleheter ein har og gi føringar for andre kommunale planer.

Samfunnsdelen skal følgast opp med ein handlingsdelen som gjeld for fire år og den skal visa korleis dei ulike områda skal bli realisert. Handlingsdelen er kommunens viktigaste styrings og rapporteringsverktøy og den reviderast kvart år. Kommunelova § 44 seier at økonomiplanen kan vera ein del av handlingsdelen.

Medan samfunnsdelen gir eit kunnskapsgrunnlag og set retning, altså beskriv kvifor og kvar ein skal, vil dei ulike handlingsplanane vera meir tydeleg på målsettingar og korleis ein skal arbeide for å nå måla.

Kunnskapsgrunnlaget i Samfunnsdelen er henta frå nasjonale styringsdokument, offentlege tal-kjelder, lokale planar og ei rekke undersøkingar og kartleggingar som er gjort i Vanylven dei siste åra.

Dei viktigaste kjeldene er KOSTRA, perspektivmelding/stortingsmeldingar, innbyggjarundersøkinga, klimarekneskapet, Folkehelseoversikt/folkehelsebarometeret, kommunebarometeret, tillitsmålingen, kommunekompasset, regional analyse, kystsoneplanen, kartlegging av brukarbehov innan helse og omsorg, tilstandsrapport skule, KS framtdsanalyse, Eldreplan, Plan for barn og unge, Økonomiplan, FN sine Berekraftmål

Dei ulike sektorane har kome med innspel på kva for utfordringar dei ser og på korleis dei kan løysast.

Det er i tillegg gjennomført ulike samlingar for innspel til planen, politikardag 19.april 2021 og digitalt folkemøte med grendelaga 16. juni 2021. På politikardagen kom det fram ønske om at samfunnsdelen skal vera konkret i sine problemstillingar og vise kva val ein har i framtidige slutningar.

Planen er også laga med bakgrunn i tidlegare politiske prosessar der det blir vist til at temaet som er blitt handsama skal drøftast i vidare i samfunnsdelen.

## 1.1 Innramming av samfunnsdelen, gjennomgåande tema

Samfunnsdelen skal svara ut overordna føringar kommunen skal forhalda seg til samtidig som ein skal sjå etter lokale behov og løysingar. Den skal sjå etter langsiktige gevinstar og vise dei samanhengane som gir størst effekt på kommuneøkonomien og skapar eit livskraftig lokalsamfunn. Dersom kommunen spelar på lag med omgivnadane, vil tenestene bli betre og den enkelte innbyggjar i Vanylven vil oppleve høgare kvalitet i dei ulike livsfasane.

Dei gjennomgåande tema for samfunnsdelen må difor belysa det som påverkar livskvaliteten til beburane i kommunen og dei må vise kva som er føresetnadane for eit utviklingsorientert og berekraftig lokalsamfunn. Fellesnemnaren for dette kan ein samle i tre overskrifter:

- Berekraftig utvikling
- Demokrati og medborgarskap
- Folkehelse og livsmeistring



### Kommunen sine ansvarsområde

Desse gjennomgåande tema må ein arbeide etter på fleire område samtidig. Kommunen har fire område dei har ansvar og mynde og dermed også moglegheit for å påverka:

- Kommunen som samfunnsutviklar
- Kommunen som tenesteytar
- Kommunen som demokratisk arena
- Kommunen som myndighetsutøvar



### FN sine berekraftmål

Det er eit krav at kommunen skal forhalda seg til I FN sine berekraftmål og finne lokale løysingar til korleis ein skal arbeide mot måla. Dei måla som er mest i tråd med visjonen og behovet til Vanylven vil vera:

1. God helse og livskvalitet
2. God utdanning
3. Industri, innovasjon og infrastruktur
4. Berekraftige byer og lokalsamfunn
5. Stoppe klimaendringane
6. Samarbeid for å nå måla

### Kommune 3.0

Ein berekraftig kommune må vera utviklingsorientert og bu seg for framtida. Vanylven kommune vil arbeide målretta mot kommune 3.0-perspektivet. Dersom kommunen skal greie dei utfordringane som kjem dei nærmaste åra, må ein endra kommunens rolle. Demografiendringar og utgiftsbelastninga vil bli for stor til at kommunen greier å løyse dette åleine, ein må mobilisera krefter og ressursar i lokalsamfunnet for driva samskapning med privatpersonar, frivillige organisasjonar og næringsliv.

Det betyr at ein må opne opp offentleg forvaltning og sleppa inn andre ressursar og annan type kompetanse. Ein må tenkje innovativt og utfordre tradisjonelle løysingar.



Kommune 1.0

**Formynderkommunen**  
Kommunen bestemmer  
“ovenfra og ned”



Kommune 2.0

**Servicekommunen**  
Brukeren bestiller  
“kommunen bærer deg gjennom livet”



Kommune 3.0

**Samskapningskommunen**  
Vi lager løsninger sammen  
“Hva kan vi få til i fellesskap”

## 1.2 Overordna mål og visjon for Vanylven, verdigrunnlag

### Vanylven kommune sin Visjon:

Vanylven skal vere blant Norges fremste miljø-kommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst, berekraftig utvikling.

Vi skal legge til rette for nytenking og innovasjon i næringslivet, eit bumiljø som skapar trivsel og samhald, kompakte og trygge tettstadar, infrastruktur for eit aktivt kulturliv og friluftsliv, og eit tilfredsstillande og effektiv tenestetilbod.

### Kommunen sine nøkkelverdiar

- Samhald
- Entusiasme
- Kvalitet
- Trivsel
- Openheit
- Respekt

### Kommunen sine satsingsområde

7. Vanylven som bu- og trivselskommune
8. Vanylven som nærings- og arbeidskommune
9. Vanylven som tenesteytar
10. Vanylven i regionen og i Verda

Dette er noverande visjon og noverande verdigrunnlag. Sjølv om dei mest grunnleggande verdiane ligg fast i eit samfunn, blir dei og påverka av trendar og samfunnsutvikling. Det same gjeld ein visjon, den bør gi mening og ha godt fotfeste i kommunen. Difor må ein med jamne mellomrom ta fram og vurdere om visjon og verdiar er i tråd med den retninga kommunen vil. Rullering av samfunnsdelen i kommuneplanen er eit godt høve til dette.



## 1.3 Internasjonale, nasjonale og lokale trendar





### Endringar i demografi


Stortingsmelding 14, perspektiv-meldingen 2021, viser til trendar som i høg grad også vil påverke Vanylven i åra framover. Den viser spesielt til dei store demografiendringane med til-

høyrande konsekvensar. Det blir ei eldrebølgje og synkande fødselstal som fører til at det blir eit press på tenestene innan helse og omsorg medan det blir overskot på personell og bygningar i oppvekstsektoren.

Tabellen under viser befolkningsendringa i dei ulike aldersgruppene, ut i frå SSB sitt mediumalternativ. Diagrammet viser at 2021 er det første året der det er fleire over 67 år enn det er barn og unge.




Årsverk. 2019, 2030 og 2040. Vanylven



Handlingsrommet her vil liggja i korleis ein brukar dei ressursane ein har og korleis ein greier å tilpassa drift etter dei inntektene kommunen får. Inntektsgrunnlaget er rimeleg forutsigbart i og med at dei fleste inntektene kjem gjennom rammetilskotet og det er igjen i all hovudsak basert på kor mange innbyggjarar ein har i dei

ulike aldersgruppene. Når det gjeld utgifter til tenesteyting er det mogleg å påverka dette gjennom nye arbeidsformer og nye strukturar. Å gå frå reparande tiltak til førebygging og tilpassa aktivitetsnivået etter folkemengda er døme på dette.

12882: Framskrevet folkemengde 1. januar etter alder og år. Vanylven, Hovedalternativet(MMM)



## Utanforskap

Ei anna utvikling er at det stadig fleire som ikkje deltek i samfunnet, no er det nasjonalt ca. 700.000 innbyggjarar mellom 20 og 66 år som ikkje er i arbeid eller utdanning. I Vanylven er det til dømes 18,4 % av befolkninga i denne aldersgruppa som får støtte til livsopphald i følgje Folkehelsebarometeret. Dette har fleire viktige følgjer, for det første vil det gi dårlegare livskvalitet til desse personane. Å ikkje vera del av arbeidslivet påverkar både den fysiske og psykiske helsa. Samtidig som dette er arbeidskraft som kommunen treng, spesielt for å løyse utfordringane innan helse og omsorg. Det vil også påverke kommune-økonomien, eit utanforskap kan gi store utgifter til kommunen i staden for skatteinntekter. Låge inntekter påverkar også skatteinngangen og forbruket som støttar opp under det lokale næringslivet.

Talet på kor mange som hamnar utanfor arbeid og utdanning kan bli redusert gjennom god kvalitet i tenestene, spesielt dersom ein greier å endre ressursbruken til tidleg innsats og førebygging. Dette inneber god samhandling mellom tenestene og at ein kjem tidleg inn med riktig kompetanse.

## Globalisering og urbanisering

Dette har vore ein trend over mange år, flytting frå rurale til meir urbane strøk er framleis gjeldande sjølv om pandemien har gitt signal om endringar. I Vanylven er det framleis fleire som flyttar ut enn som flyttar inn i kommunen og dei fleste kjem ikkje attende etter fullført utdanning. Nye arbeidsformer, mogleigheter for heimekontor og nye reisemønster gir mogleigheter for å snu straumen. Samtidig vil det vera avgjerande å stå fram som ein attraktiv kommune, med gode tenester, arbeidsplassar og eit levande lokalsamfunn.

Vi ser tendensar til å bli meir verdibaserte i våre val, i Europa går ein frå New Public Management til Public Value Management og nye generasjonar byrjar å leite etter nye leveformer som gir livskvalitet. Ved å stå fram som eit samfunn som er verdibasert, som set det mellom-menneskelege høgt, kan ein også vera med og gjera kommunen attraktiv.



## Klimaendringar og tap av naturmangfold

Vanylven har rein luft, reint vatn og mange mogleigheter for gode naturopplevelsingar, både på land og på vatn. Likevel blir ein påverka av den globale utviklinga gjennom klimaendringar og forventningar om å bidra til klimamåla slik at også framtidige generasjonar skal nyte godt av ein berekraftig natur. Kommunen har ambisiøse mål, klimaplanen seier at ein innan 2030 skal redusera utslepp med 40 % samanlikna med 2015. Da må ein sjå på kva som er mogleg å gjera og kva som gir størst gevinst.

Klimarekneskapen for Vanylven viser at 24 % av utsleppa kjem i frå bygg, og der har ein eit stort potensial i å redusere arealet i tråd med behovet og betre kvaliteten på eksisterande bygningar slik at dei blir meir klimavennlege. Nybygg bør byggast med eit rekneskap over livsløpet, det kan løne seg både økonomisk og miljømessig å sjå på kostnader til energi og utslepp over tid.

Eit anna stort bidrag til miljøforureining er transport, her er det og mange mogleigheter, mellom anna å stimulere til at fleire køyrer elektrisk men også endra transportmønsteret til at fleire kan köyre kollektivt. Men da må det vera eit betre samarbeid mellom ulike forvaltningsnivå og ein må sjå på korleis både det offentlege, det private og det frivillige livet kan organisere seg for å redusera transporten.

Kommunen kan også stimulere til lågare klimavtrykk gjennom sine eigne innkjøp, redusera forbruket av forbruksvarer og å stilla klima- og miljøkrav i anskaffingar.



## Teknologisk utvikling

Den teknologiske utviklinga stoppar ikkje, og det er lite ein kommune kan gjera for å påverke dette. Ein må da heller vera proaktiv og sjå kva for moglegheiter som ligg i ny velferdsteknologi, 5G-nettet, nye transportmiddel osv. teknologien kan vera til hjelp for å betre livskvaliteten, men den kan også vera til hjelp for å redusere behovet for tenester. Dersom kommunen skal ha full nytte av ny teknologi må ein tenkje på kva teknologien kan erstatte, ikkje berre at det kjem i tillegg til dagens tenester.

Innan velferdsteknologi kjem det stadig nye hjelpemiddel som gjer at brukarane kan vera meir sjølvstendige, det er også noko som dei fleste ønskjer. Da må kommunen tilpassa tenestenivået etter dette slik at ein får full gevinst av ny teknologi. Ein må samtidig sette opp eit rekneskap som viser sambanden mellom å investere i ny teknologi og redusert behov for tenester.


Ny teknologi for å redusera miljøavtrykk, finne nye måtar å drive tenestytting på, nye former for kommunikasjon med innbyggjarane og å betre samhandlinga i kommunen kan vera med og gjera kommunen i stand til å nå berekraftmåla

## Den demokratiske utfordringa.

Den siste tida har vist at demokratiet er under press, sosiale media får mykje makt, «fake news» har vorte eit kjent omgrep og det å vera politikar er ein rolle som får stor merksemd. Samstundes er det ein aukande forventning om medverknad i avgjerdsprosessar og det skal vera lov å bruke alle typar ytringsformer.

Dette kan føre til mindre rekruttering til lokalpolitikken og presset i stå i vervet kan bli høgt. Eit stort sosialt press kan også føre til avgjerder som ikkje er i tråd med det som politikaren er det beste eller det som er til beste for samfunnet. Difor er det viktig å ta diskusjonen, kva skal framtidas lokal-demokrati vere og greier ein å finne andre løysingar for å handsame vanskelege lokale avgjerder. Lokal-demokratisundersøkinga i Vanylven viser at det er liten tillit frå innbyggjarane til politikarane. Dette kan til ein viss grad løysast med høgre medverknad tidleg i prosessane, at fleire blir involvert og får kjennskap til utfordringane men også at fleire blir involvert til å sjå etter gode løysingar.

Eit godt lokaldemokrati og eit samfunn med høg tillit vil også vera med å skapa eit godt omdøme om kommunen som ein god stad å bu.





# 2 Dei gjennomgåande tema i tenesteytinga

## 2.1 Beskriving av tenestene/sektorane og framtidige utfordringar

Kommunen driv først og fremst tenesteyting gjennom sektorane helse og omsorg, kultur og oppvekst og teknisk sektor. Alle har sine særlover og tydelege mandat, men dei er også eit felles ansvar for å løyse samfunnsoppdraga. Dei store samfunnsoppdraga kan ingen løyse åleine, difor blir samhandling og deling av ressursar og kompetanse avgjerande for å vera berekraftige under framtidas rammevilkår.

### Helse- og omsorg

Helse- og omsorgssektoren i Vanylven kommune inneholder legeteneste, NAV, fysioterapi- og ergoterapi-teneste, hjelpemiddelformidling, støttekontakt, institusjonsomsorg og heimebasert omsorg. Under heimebasert omsorg finn vi også psykiatriteneste og teneste for personar med utviklingshemming. Vi har også tilbod til personar som treng tilrettelagt arbeid og aktivitet.

Helse og omsorgssektoren i Vanylven har eit felles mål om å gje kvalitative gode tenester til kommunens innbyggjarar. Samhandle godt med interne og eksterne tenester og utnytte fagkompetansen i tenestene godt.

Tenesta er regulert med fleire ulike lovar og forskrifter, kor blant anna brukarmedvirking står sterkt. Brukarmedvirking er nedfelt i FN verdserklæring om menneskerettigheter artikkel 1


«alle menneske er født frie med same menneskeverd og menneskerettigheter».

For å imøtekommе framtidas demografiske utvikling i kommunen har vi identifisert at vi har et behov for å tenkje nytt og organisere tenestene våre på andre måtar, frå ein meir institusjonsfilosofi til ein føreyggjande og meistringsfilosofi. I praksis betyr dette at vi ynskjer å dreie tenesta sine innsatsområde frå behandling til føreygging slik at innbyggjarane kan bu heime lenger.

Stortingsmelding 15 Kvalitetsreforma «Leve hele livet» fokuserer på at kommunen skal vektlegge det aldersvennlege samfunn. Korleis samfunnet kan imøtekommе utfordringsbildet med ein aukande del eldre og hjelpetrengande i befolkninga samtidig som

ein opplever at ressursane er knappare. Reforma skal også bidra til at innbyggjarane meistrar livet lengre, ha tryggheit for at dei får god hjelp når dei treng det og ei profesjonalisert pårøranderolle.

Vanylven kommune vil gjennomføre dei nødvendige dreiningar som må til for å imøtekommе framtidas helseteneste der vi ynskjer at kjenneteikn på våre tenester er brukarmedverknad, samspel med lag og organisasjonar, eit musikalsk pårørandesamarbeid og ei berekraftig helse- og omsorgsteneste.



### Kultur og oppvekst – KUOP Barnehagane

I Vanylven kommune ynskjer vi, i tråd med nasjonale målsettingar, å jobbe for å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagane, der alle barn får delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Modellen viser alle delar ein barnhagekvardag skal bestå av. I Vanylvsbarnehagane kjem vi til å ha særskilt fokus på kvaliteten på vaksenrolla og gode relasjonar.

### Grunnskulen

I Vanylven har vi tre skular. Måla for opplæringa er definert i overordna del av læreplanen og i gjeldande fagplanane frå haust 2020. Dette er forskrifter til opplæringslova og styrer innhaldet i opplæringa. Kompetansemåla skal speglast i fagplanane til skulen. Alle aktivitetar er målretta og har eleven sitt læringsutbytte og læringsmiljø som hovudmål. Lærerlyst har samanheng med det sosiale fellesskapet i læringsmiljøet der meistring og trivsel er dei viktigaste faktorane. Skulen skal jamleg vurdere sin eigen undervisningspraksis.

## Kulturskulen

I kulturskulen jobbar vi for at elevane skal kjenne meistring og trivsel. Alle lærarane våre står på for å gje born og ungdom i Vanylven gode kulturopplevingar – kvar veke, kvar dag og kvar time vi møtast. Det å gå i kulturskulen skal vere ei blanding av leik, moro og alvor. Vi har det kjekt i lag, utfordrar kvarandre og stiller krav. Undervisninga er i tråd med rammeplan for kulturskulen og opplæringslova, og føregår desentralisert ved dei tre skulane i kommunen. Kulturskulen skal vere med på å styrke born og unge sin sjølvtillit og gje glede i kvardagen.

## Familie og læringssenteret

Familie og læringssenteret sitt hovudmål å fungere som ein tverrfagleg teneste for barn og unge i Vanylven kommune. Tenesta skal være tett på familie, skule og barnehage. Tenesta skal ta over dei lovpålagde funksjonane til dagens PP-teneste, helsestasjon og barnevern samt koordinere det tverrfaglege samarbeidet mellom oppvekst og helse for barn og unge 0-18 år i Vanylven kommune.

Satsingsområdet for Kultur og oppvekst er å bygg opp ein heilskapleg oppvekststruktur- og kultur som gjer at barnet blir den beste utgåva av seg sjølve. For å nå dette må det vera god samhandling mellom foreldre og einingane, og einingane i mellom. Dette vil gje trygge og samstemte vaksne, noko som gir føreseielege oppvekstforhold med høg kvalitet for barn og unge.

## Teknisk sektor

Mindre bemanning over tid har medført større krav til effektiv handsaming og prioritering av arbeidet ved Teknisk. Digitalisering har gjort brukarane meir sjølvbetente over tid. Teknisk må også i framtida jakte på ressurssparande tiltak og utvikle fleire samarbeidsflater med nabokommunane. Plan- og forvaltningsoppgåvene må løysast med vekt på god service overfor brukarane, og vere korrekte og effektive innanfor lovfastlagde fristar.

## Areal- og byggforvaltning

Teknisk handsamar kommunale og private arealplanar. Planar som beskriv ulike former for arealutnytting utifrå ein overordna kommuneplan. Kommunen har stor og samansett bygningsmasse, frå bustadhus til pleieinstitusjonar, rådhus og skular. Samla utgjer dette om lag 54 000 m<sup>2</sup>. Mange bygningar har store etterslep i vedlikehald grunna låg prioritering av drifts- og vedlikehaldsbudsjet. Enkelte bygg er ikkje



i bruk grunna dårlig utleigekvalitet og nedlegging av skuletilbod. Krav til lågutslepp, godt inneklima og energisparing gjer at kommunen bør vurdere den fremste teknologien som er på marknaden i samband med nybygging og rehabilitering.

## VAR

Frå Vanylven Vassverk Kommunen forsyner kommunen sentrale delar av Åheim, Sylte, Fiskå, Nordstranda, Eidså, Sandnes, Koparnes og Løsetstranda med vatn (970 abonnement). Det kommunale vassleidningsanlegget utgjer 53,3 mil. 60% av det kommunale vassleidningsanlegget er 50-60 år gamle anlegg, og er moden for utskifting.

Kommunal avløpsleidningsanlegg strekker seg ut 27,7 mil (670 abonnement). Kommunen har mykje kombinert avløpssystem av drensvatn ute og kloakk innan hus, som bør separerast for å spare pumpe og reinseanlegg for unødvendig belasting.

Gjeldande renovasjonsordning baserer seg på privat sortering av restavfall, papir, plast og metall/glas. Miljødirektoratet har lagt ut forslag til ny forskrift der det vert sett krav til at minst 55% av matavfall frå hushaldning blir utsortert ved kjeldesortering innan 2025, og 60% innan 2030.



### Kommunale vegar

Kommunale vegar i Vanylven utgjer 6,1 mil. Desse vegane er viktige bindeledd mellom fylkesvegar til bustad, næringsområde og arbeidsplassar. Det er såleis viktig at vegane har god linjeføring og berelevne. Kommunen har sett av jamleg sett av midlar for rehabilitering av veg innanfor investering. Likevel har manglande driftsmidlar gjort at berre naudsynte vedlikehaldsarbeid vert gjort, og har medført drifts- etterslep. Kommunen har vedteken ei trafikktryggingssplan for å sikre midlar til mindre trafikktryggings- tiltak i framtida.

### Brannvern

Brann har dei siste åra hatt ei vesentleg løft når det gjeld bygg (påbygg brannstasjon), oppgradering av utstyr, kompetanseheving og auka mengd med øving. Brann har utover dei vanlege krav også kompetanse på redningsdykking og kjemikaliedykking. Kompetanseheving vil forsette i åra framover. Tilsyn og beredskap vert vareteke gjennom dette ansvarsområde. Kommunen er medlem i IUA (det inter-kommunale oljevernnet for Sunnmøre), og har lettare oljevernutstyr.

### Kyrkjegardar

Kommunen har avtale med kyrkja i Vanylven om å vedlikehalde kyrkjegardar og utføre graving ved gravferd. Kombinasjonsbruk av arbeidsressursar i teknisk sektor gjev effektive og gode økonomiske resultat for kyrkje og kommune ilag.

### Hamner og kaier

Kommunen har gjennom lov om hamn og farvatn, ansvar og mynde for hamn og farlei i Vanylven. Sidan 2018 har kommunen hatt eige føreskrift om avgift innkrevjing av farvatnavgift. Dette for dekke avgiftene kommunen har med lovkravet.

## 2.2 Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling er eit omgrep som karakteriserer økonomiske, sosiale eller miljømessige sider ved eit samfunn. Det er ei utvikling som imøtekjem behova til dagens generasjon utan å redusera moglegheitene for komande generasjonar til å dekke sine behov. For dei ulike tenestene vil berekraft vere å dimensjonere tenestene i forhold til komande ressurssituasjon og samtidig levera på kvalitet. Da må ein også tenke innovativt og finne nye løysingar for framtidas utfordringar. Sambruk av kompetanse og felles bruk av ressursar mellom dei ulike sektorane vil bli naudsynt, både for å greie dei økonomiske utfordringane, men også for å få heilskap i tenestene.

Eit berekraftig samfunn har også like rettar og mogleheter for innbyggjarane, der ein arbeider for å kjempe mot fattigdom, at det er like mogleheter for utdanning og at ein har dei same helsetilboda.

I eit framtidsperspektiv må ein også arbeide for å redusere forbruket, og bruke teknologien til å løyse problem. Samtidig må ein vere bevisst på kva problem teknologien også kan skape.

Politisk i kommunen er ein oppteken av den økonomiske berekrafta, at det er eit aktivt næringsliv som skaffar arbeidsplassar, at kommunen legg til rette for bustadar og gode tenester slik at ein får eit befolkningsgrunnlag som skaffar inntekter gjennom rammetilskot og skatteinntekter.

### Helse

#### Helse og omsorgssektoren

Tidleg innsats, bruk av teknologi og kunnskapsbasert omsorg i heile «omsorgstrappa» vil over tid kunne gje grunnlag for ein reduksjon i behov for heildøgns omsorgsplassar. Men det vil være risikofylt å ta ein slik gevinst på forskot før ein ser verknaden av nye buformer og innføring av velferdsteknologi.

For å nå berekraftmåla vil det være svært viktig at vi i alle einingane våre tildelar tenester ut frå brukars reelle behov og på rett tenestenivå.(omsorgstrappa) Det er pr i dag god kapasitet i institusjon i Vanylven kommune. Dette avlastar i stor grad heimetenesta, men til ein stor kostnad. Nålauge, for å få tenester, er stort både i institusjon og i heimebasert omsorg. Vidare må vi sjå på infrastrukturen i tenestene våre slik at vi i større grad kan sambruke ressursar.

Vi vil også sette fokus på å behalde, rekruttere og auke fagkompetansen i sektoren for å kunne levere gode, kvalitative tenester på alle nivå.

### Teknisk

Berekraftig utvikling legge ein best til rette for ved å skape ei utvikling som tilfredsstiller dagens behov, utan at framtidige behov vert øydelagde. Dette skal sikrast gjennom dei tre dimensjonane i FN sine berekraftmål, som er knyta opp miljømessige-(økologiske), sosiale- og økonomiske tilhøve. Målsettinga for fylket er at Møre og Romsdal skal vere miljøfylke nr. 1. Om fylket skal lykkast med det grøne skiftet må arealplanlegging både på land og sjø vere miljøvennleg og effektiv, samstundes som den ivaretak og samordnar behova for bustadføremål, næringsareal, transport, jordvern, natur- og biologisk mangfald. Det vert av den grunn viktig å stimulere private og næringsaktørar til å tenke berekraft, og dra nytte av framtidige klimasmarte og energieffektive løysingar.

Framover er det naturleg å tenke seg kommunale bygningar med eit fleksibelt arealbruk, som sikrar sambruk og effektiv utnytting av areala. Overgang til miljøvennleg framkomst-, transportmidlar og maskiner må vere ei av målsetting i Vanylven for å sikre Co2-reduksjon. Større grad av utsortering av mathusholdningsavfall og plast må leggast opp til i samsvar med framtidige føreskrifter frå Miljødirektoratet. Klimavennlege innkjøp må bevisstgjerast i kommunen. Gjennom innføring av klimabudsjett og klimarekneskap vil drifta i kommunen kunne styrast kontrollert og målretta i berekraftig retning framover.

### Oppvekst

Globale utfordringar må vi samarbeide om å løyse. Vi treng kunnskap, etisk medvit og teknologisk innovasjon for å finne løysingar og gjere naudsynte endringar i måten vi lever på. Teknologisk kompetanse kan løyse problem, men også skape nye. Difor er kunnskap om teknologi og etiske refleksjonar viktig for å forstå ulike dilemma som kan oppstå og korleis handtere dette.

Ein berekraftig oppvekstsektor er og avhengig av nok ressursar til å oppretthalda god kvalitet i arbeidet med barn og unge. Utgifter til struktur og bygg kan bli så store at det blir lite igjen til drift av det pedagogiske arbeidet. Difor må det vera ein jamleg vurdering av når dette går ut over kvaliteten på tilbodet.



## 2.3 Demokrati og medborgarskap

Demokrati og medborgarskap vil seie at ein har eit ekte demokrati der borgarane opplever reell medverknad i slutningsprosessar og at dei får likeverdige moglegeheiter til å bidra i samfunnet. For tenestene vil det seie at ein må ha god medverknad i prosessar der innbyggjarar er involvert, at ein byggjer opp eit samfunn der det er arenaer for gode demokratiske prosessar og at innbyggjarane blir oppmoda til å bidra med sine ressursar i lokalsamfunnet.

Det å vere ein deltar i samfunnet vil seie å respektere og å slutte opp om grunnleggande demokratiske verdiar som gjensidig respekt, toleranse, den einskilde si tru, ytringsfridom og frie val. Desse demokratiske verdiane må fremjast gjennom aktiv deltaking i heile opplæringsløpet. Barn og unge sine synspunkt skal leggast vekt på i samsvar med alder og modning. Barn og unge skal ikkje ha ansvar dei ikkje er rusta til å ta.

Som vist i perspektivmeldinga ser ein at vi står i fare for å bli eit meir polarisert samfunn, vi er ikkje budde på nye media som kastar seg inn i den politiske debatten og det er mange som uttrykkjer at dei uttalar seg på vegna av fleirtalet.

I eit fleirtalsstyre skal det vere semje om demokratiske prinsipp som skal følgast. Demokrati og medborgarskap er individet sin rettar i samfunnet samt plikt til å utvikle samfunnet vidare.

Politikarane sine framtidsvisionar er presentert i ordskya over, men skal ein lykkast med dette må ein mobilisera næringsliv, tenesteytinga og innbyggjarane i gode prosessar for å samla innsatsen mot eit godt og framtidsretta samfunn.

Økt samarbeid på tvers av bygdene, tenkje nytt saman med innbyggjarane, den interne kommunikasjonen og godt samarbeid med frivilligheita og næringslivet er område som politikarane trekk fram.

### Demokrati og medborgarskap i tenestene

Dei ulike sektorane i kommunen må bruke både sine faglege og lovpålagde arbeidsmåtar for å fremja gode tenester gjennom reell medverknad og deltaking.

#### Helse- og omsorgstjenesten

Pasient og brukarrettighetslova kap. 3 omhandlar brukarenes rett til medverking. Vanylven kommune vil sikre dette gjennom følgande:

Brukarane sine behov skal være i fokus når ein tilbyr tenester. (Kva er viktig for deg) Det skal bli satsa på ein meir heilskapleg tenking, der ein skal jobbe meir på tvers av tenestene.

Både innan heimebaserte tenester og i institusjon skal samarbeidet mellom brukar/pasient, pårørande og verje stå sentralt. Dette skal vi få til gjennom bruker/pårørande samtaler, felles pårørande møter, brukarundersøkingar og brukarråd i institusjon.

#### Oppvekst

Arbeid med å inkludera alle og sette pris på mangfald er ein viktig del av medborgarskapet. Ein må også ha gode rutinar og kompetanse i å få fram barnet si stemme, og barnet sitt bestevurdering skal være bærande i alle vedtak.

Medverknad og god samhandling med ulike kompetansemiljø er ein viktig føresetnad for å lykkast når ein i kortare eller lengre tid treng ekstra hjelp.

Skiping av ungdomsråd gir unge erfaring med demokratiske prosessar. Å få moglegheit for å uttrykkje seg men samtidig tåla fleirtalet sin rett er ein viktig del av den demokratiske opplæringa.

#### Teknisk

Lovfesta prosessar i overordna planar(kommuneplanar) og i delplanar må involvera innbyggjarar, bygdelag, organisasjonar, næringsliv og kommune-politikk. Eit arbeid som på den måten skapar openheit, førutsigbarheit og medverknad. Regelmessige rulleringar av planane vil ta omsyn til samfunnet si kontinuerlege utvikling og trendar.

## 2.4 Folkehelse og livsmeistring

Folkehelse og livsmeistring vil seie at kommunen legg til rette for at innbyggjarane får leve eit sunt liv både fysisk og psykisk. Alle får bu og leve i vante omgivnader så lenge som mogleg og at ein gjennom heile livet greier å meistre livet så godt som mogleg ut ifrå dei føresetnadane ein har. For tenestene vil det seie at ein driv førebygging og tidleg innsats heile livet og at rett kompetanse kjem på rett plass til rett tid. Da må ein ha god samhandling mellom instansar og med brukarar, og tenestene må ha eit felles syn på at brukarane skal bli aktivisert og i høgst mogleg grad bli sjølvstendige. Det betyr at ein må forstå og påverke ulike faktorar som har betydning for korleis menneske i ulik alder meistrar livet sitt.

Ulike faktorar kan påverke helsa både direkte og indirekte. Faktorar som vatn, miljø, psykisk helse, fysisk helse og samspel med andre menneske påverkar både folkehelsa og livskvaliteten.

Politikarane i Vanylven er opptekne av å ha gode fritidsaktivitetar, gode møteplassar både for eldre og unge, at det blir lagt til rette for aktivitet gjennom gang og sykkelvegar og at ein legg til rette for å bruke den fine naturen i kommunen.

God helse er FNs berekraftmål nr. 3, men alle berekraftmåla knytt til samlegruppa «sosiale og menneskelege» vil påverke folkehelsa, til dømes utdanning og likestilling. Samfunnet er i stadig endring, noko som fører til nye utfordringar og nye moglegheiter.


Folkehelselova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid og skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar helse og jamnar ut sosiale helseforskjellar. Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåvane og med dei verkemidla kommunen har. For å kunne legge til rette for langsiktig og systematisk folkehelsearbeid er det ein føresetnad at kommunen har kunnskap om helseforholda i befolkninga. I folkehelselova § 5 står det at kommunen skal ha oversikt over helsetilstanden i kommunen og dei positive og negative faktorane som kan påverke den.

Vanylven er ei kommune med høg prosent eldre og ei negativ utvikling i folketalet. Dette gjer at Vanylven har ei høg forsørgarbyrde. Det er difor viktig å arbeide målretta for å gjøre Vanylven til ei attraktiv kommune å busette seg i. Samstundes må ein tenke nyt i forhold til velferdsteknologi og tenestetilbodet ein har i dag for å dekke behova som vil kome i åra framover.

Isolasjon og einsemd er ei utfordring for denne gruppa. WHO har uttalt at depresjon blir den viktigaste årsaka til sjukdomsbelastning i komande år, særleg grunna aukande tal eldre. Da blir det viktig å sette inn kompenserande tiltak, til dømes arenaer for sosiale aktivitetar som skapar fellesskap og livsglede.

Folkehelsemeldinga peikar på utfordingar og kvar vi bør sentrere innsatsen for å ha ei god folkehelse i tida framover. Ein viktig ressurs for kommunen er innbyggjarane og deira helse. Difor er oversikt og kunnskap om folkehelsa viktig.

1281: Framskrevne forsørgerbrøker, etter år. Vanylven, Hovedalternativet (MMMM). Forsørgerbrøker for eldre.



Kilde: Statistisk sentralbyrå



Dei ulike tenestene kan både saman og kvar for seg arbeide for å betre folkehelsa gjennom å arbeide med trivsel, fysisk aktivitet og livsmeistring.

#### Helse- og omsorg

For å nå målet må tenestene ha eit utstrekkt samarbeid på tvers av avdelingar og sektorar.

Det må bli jobba på fleire felt, og kvardagsmeistring vil være eit viktig område. Her vil fysioterapi og ergoterapi være viktig saman med heimebasert omsorg og institusjon, som kan tilby rehabiliteringsopphald.

Vidare vil tilrettelegging av bustad, tilgang på hjelpemiddel og velferdsteknologi være avgjeraende for om vi kan bu heime lenger. Likeins et velfungerande kjøken som kan tilby mat heim. Dette for å sikre god ernæring.

Dag tilbod/arbeidstrening vil gi livsglede, livsmeistring og førebyggje einsemd.

Saman med frivillige lag og organisasjonar gje innbyggjarane tilbod om arrangement som vil auke trivselen og gi betre psykisk helse.

#### Oppvekst

Førebygging startar før barnet er født, alle tenester må saman med føresette gjennom oppveksten stå saman om barnets beste, der ein har kultur, struktur og riktig kompetanse for å lykkast med livsmeistringsoppdraget.

Arbeid med inkluderande barnehage- og skolemiljø gjennom førebygging og tidleg innsats, der alle som er rundt barnet og med barnet tek ansvar og samarbeider godt. Bruke kulturinstitusjonar og frivilligheit aktivt i opplæringa og bygge på kreative sider for å

utvikle heile menneske. Vera bevisst på at språk og lesing er grunnleggjande for å kunne kommunisere med omgjevnadane og for å delta i samfunnslivet.

#### Teknisk

Kommunen skal gjennom si drift og arealforvalting legge til rette for folkehelse, trivsel og tryggleik. Det skal leggast rette for trygge vegar, attraktive bustadtomter og næringsareal. Sikre at kommunale bygg vert universelt utforma, vert drifta målretta og effektive etter ein akseptabel standard, som gjev godt innemiljø og fremmar trivsel. Eldre bygg i dårleg forfatning bør avhendast eller seljast. Samarbeidsmodellar med Husbanken og private utbyggjarar bør utnyttast, for å bygge kommunale bustadar med god standard. Kommunen skal vareta forsyning sikkerheit på kommunalt vatn, som til kvar tid skal ha god kvalitet. Forureining og smittespreiing skal aktivt overvakast og raskt handterast ved lokalisering.

Den gode beredskap i kommunen skal varetakast og vidareutviklast gjennom kompetanseheving. Spesielt dei tverrfaglege relasjonane mellom naudetatane og frivillige har potensial på å bli ytterlegare forsterka og betre samkjørt gjennom øvingar.



# 3 Kva er handlings- og moglegheitsrommet? Kva for val har vi?

Politikardagen i juni viste høg politisk vilje til å satse på Vanylven, skapa optimisme og nye arbeidsplassar. Det var også mange innspel som gjekk på å samla innbyggjarane og laga eit levande sentrum samtidig som det skal vera aktive lokalsamfunn. Ulike undersøkingar viser at både politikarar og innbyggjarar er trøtte av manglande samling, men skal ein greie dei framtidige utfordringane må kommunen tilpassa drift og struktur etter dei reelle forholda. Ein må sjå på samanheng mellom økonomi og kvalitet og ein må ta eit val på korleis ein kan dimensjonera tenesteytinga. Valet blir ei prioritering, dersom ressursane brukast på å halda ved like dagens struktur og dimensjonering, vil det gradvis bli mindre igjen til sjølve tenesten medan ein aukande del vil gå til bygningar og vedlikehald. Eller skal ein tenkje nytt, samla tenestene på færre stadar og drive meir rasjonelt?

God samhandling gir betre tenester, høgare ressursutnytting og sambruk av kompetanse. Brukaropplevinga blir betre og det er fleire som må ta ansvar med å løyse oppgåvane. Nye lovverk innan velferdstenestelovgivninga forpliktar samhandling, men det er kommunen som må definere korleis samhandlinga skal gå føre seg, og det er også mogleg å gå lengre enn det lovene krev. Organisert samhandling med andre instansar i kommunen og samhandling med frivilligkeit og næringsliv er også mogleg.

Tidleg innsats og førebygging kan ein ha heile livet. Å førebygge utanforsk og førebygge behov for institusjonsplass gir store økonomiske gevinstar og høgare livskvalitet.

Det skjer ei kontinuerleg teknologisk utvikling, spesielt innan velferdsteknologi, transport og kommunikasjon. Da er det viktig at nye løysingar og ny teknologi blir brukt til nye måtar å drive tenester på, at det ikkje kjem i tillegg til, men at det blir i staden for. Det er viktig å vera bevisst på gevinstane i teknologien. Samtidig kan det vera lurt å sjå på investeringar i teknologi på litt lengre sikt. Dersom ein ikkje kan investera innan årets budsjett, bør ein sjå på mogleheter for langsiktige investeringar.

Innbyggjarinvolvering kan gi fleire gevinstar. Det gir større tillit mellom politikk, administrasjon og brukarar, og det gir ofte nye løysingar. Det gir også betre avstemming mellom forventning og behov og ein kan ofte finne nye og betre løysingar. Involveringa må starta tidleg i prosessar, og ein bør søkje etter nye

former for involvering. Godt samspele med innbyggjarane vil ofte enda opp med at mellommenneskelege verdiar er viktigare enn dei materielle, og ein kan finne løysingar som er både billegare og treffer betre.

I visjonen til Vanylven står det at kommunen skal vere blant Norges beste miljøkommunar og gode på nytenking og innovasjon. Kommunen vil også realisere tankesettet rundt kommune 3.0. Dette betyr at ein må endra dagens praksis, skapa nye møteplassar mellom det offentlege og det private og ein må tenke samskaping og sambruk av ressursar. Den type endring krev at ein opnar opp den kommunale tenesteytinga og mobiliserer nye ressursar i samfunnet. Å endra seg mot kommune 3.0 er eit langvarig innovasjonsarbeid der ein gradvis

Nye føringar og lovverk gir nye mogleheter. Intensjonane i barnevernsreformen, stortingsmeldingane 6 og 15 gir alle intensiv til å løyse tenestene på nye måtar, og dei oppmuntrar til å bruke mykje av 3.0-tankesettet. Meir kompetanse nærmare brukaren og lokale løysingar, skal erstatte dagens praksis. Dette vil i mange tilfelle bli både betre og billegare, men det krev mobilisering av ressursar rundt brukaren og det krev innovative medarbeidarar som evner å løyse ting på nye måtar. Det krev også at kommunen opnar opp og slepp andre inn i tenestene, både private instansar, frivillige organisasjonar og enkeltpersonar.

For å skape godt omdøme og vera tiltrekkjande som kommune må ein arbeide for kvalitativt gode tenester og ein må få fram dei positive historiene. Dei fleste kommunar i Noreg kan lokke med fin natur og rein luft, men dersom ein skal få folk til å flytta hit eller flytta attende etter utdanning, må det vera andre verdiar som blir framheva. Hus og arbeid er prioritert nummer ein, men gode sosiale forhald og eit samfunn prega av samhald er også noko som dreg folk. Difor vil det vera avgjerande for kommunen å auke tilliten, få fokuset bort frå det negative og spela meir på dei kreftene som vil enn dei som ikkje vil. Dersom ein skal ta omsyn til alle stemmer i alle samanhengar vil ein ikkje kunne bevega seg framover.







VANYLVEN  
KOMMUNE